



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		43864/2014/KOMMUNEPLAN	Johnny Loen, 71 25 82 88	03.07.2014

Nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal - lokale konsekvensutgreiingar (KU del I) - offentlig ettersyn

På vegner av kommunane Gjemnes, Kristiansund og Molde, vert med dette lagt ut til offentlig ettersyn lokale konsekvensutgreiingar (KU del I) knytt til nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal (SNR).

Bakgrunn

Helse Møre og Romsdal HF er tiltakshavar for realisering av det nye sjukehuset i Nordmøre og Romsdal, som skal erstatte dagens lokalsjukehus i Kristiansund og Molde. Tidsplanen som er vedteken i styret, legg opp til byggjestart i 2018, med ferdigstilling og driftsstart i 2021.

Dei lokale konsekvensutgreiingane som her vert lagt til offentlig ettersyn, utgjer berre ein del av det samla utgreiingskravet knytt til sjukehuslokaliseringa. Utgangspunktet for dei samla utgreiingane er ein tredelt prosess, der helseforetaket først har invitert kommunane til å foreslå ei tomt kvar. Som grunnlag for dette er det gjennomført lokal KU (denne høyringa). Utgreiingskravet her er heimla i plan- og bygningslova.

Når kommunen sitt vedtak om tomt er klart, skal Helseforetaket velje mellom desse tre. Også før dette valet er det krav om utgreiingar med heimel i plan- og bygningslova. Det betyr at dei lokale utgreiingane er supplert med problemstillingar av regional karakter, som ikkje er av vesentleg betydning for kvar kommune sine val. Regional KU vert lagt til offentlig ettersyn av Helse Møre og Romsdal HF.

Utgreiingane etter plan- og bygningslova (både dei lokale og dei regionale) er lagt fram som følgje av tingingar i eit planprogram. Planprogrammet har vore til offentlig ettersyn tidlegare og høyringssvara vart drøfta og innarbeidd før vedtak om programmet.

Det tredje elementet i utgreiingane har bakgrunn i helsesektoren sine krav knytt til den såkalla idéfasen. Dette er utgreiingar om ei rekkje tilhøve som ikkje primært er knytt til lokalisering og som dermed ikkje er heimla i plan- og bygningslova.

Figuren til sist i dokumentet viser korleis dei tre prosessane heng saman i tid. Ein vil sjå at dei lokale KU har høyringsfrist 1 september, medan dei regionale KU har frist 15 september. 1 oktober vil idefaseutgreiingane ha frist. Alle vert sendt ut minimum seks veker før høyringsfristen.

Samanhengen mellom dei ulike fasene og utgreiingane er elles nærare forklart i KU-dokumentet.

Høyrings spørsmål

Det vil under høyringane sjølvstøtt vere høve til å gi fråsegn om alle tilhøve knytt til lokalisering og innhald i det nye sjukehuset. Primært ønskjer vi likevel at høyringssvara i størst mogleg grad knyter seg til dei spørsmål som respektive utgreiingsdokument omhandlar.

Til denne, lokale konsekvensutgreiinga (KU del I) er det først og fremst viktig med signal om lokalisering i den einskilde kommune, men også om utgreiingane svarar tilstrekkeleg på krava som er fastsett i planprogrammet.

Til den regionale konsekvensutgreiinga (KU del II, som vert sendt ut av Helse Møre og Romsdal HF) er det i større grad lagt opp til innspel om helseforetaket sitt val av lokalisering, men sjølvstøtt også her om utgreiingane svarer tilstrekkeleg på krav fastsett i planprogrammet.

Til idéfaseutgreiinga (som også vert sendt ut av Helse Møre og Romsdal HF) er det drøfta spørsmål knytt til sjukehuset sitt innhald, funksjonsfordeling, fagleg breidd m.v.

Om dokument og høyrings svar

Til den lokale konsekvensutgreiinga (KU del I) skal svar sendast direkte til den aktuelle kommunen. I den grad ein vil gi merknader til alle kommunane, er det viktig å vere klar over at KU ikkje er den same i alle kommunar, sjølv om dei er bygd over same lest.

Frist for innsending av merknad er 1 september 2014

Dokumenta er å finne på kommunen sine heimesider. Ein vil også kunne få tilsendt papirversjon dersom ein vender seg til kommunen.

I samband med høyringa vil det bli arrangert opne møte i kvar av kommunane. Desse møta vert annonsert.

Post- og nettadresser:

Gjemnes kommune, 6631 Batnfjordsøra

post@gjemnes.kommune.no

www.gjemnes.kommune.no

Kristiansund kommune, Postboks 178, 6501 Kristiansund

postmottak@kristiansund.kommune.no


www.kristiansund.kommune.no

Molde kommune, Rådhusplassen 1, 6413 Molde

postmottak@molde.kommune.no

www.molde.kommune.no

Figur: Samanheng mellom tre delprosessar



Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

Adresseliste:

Kommunane i Møre og Romsdal
Høgskulane i Møre og Romsdal
NHO Møre og Romsdal
LO Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens Vegvesen region Midt
Avinor
Sunnmøre regionråd
Orkidé
Romsdal Regionråd
Nordmøre og Romsdal politidistrikt
Møre og Fjordane heimevernsdistrikt
Møre og Romsdal sivilfiosvarsdistrikt
Møre og Romsdal sykepleierforbund
Møre og Romsdal legeforening
FFO Møre og Romsdal
Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal
Norske kvinners sanitetsforening Møre og Romsdal
Nasjonalforeningen for folkehelsen M&R
Mental helse Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Røde Kors